



Rim og regler, viser og vers.

✿ Rim og regler - bøker:

Viser og vers for små og store

Bestemors bok

Rim og regleboka

Norske barnerim og regler

Folkeminne frå Telemark

Norske barnerim og leikar

Segn og soge for småfolk

Barnet i liv og lek

Norske barnerim og regler

Skår og Mølbach

III. Sigrun Sæbø Kapsberger (Flotte regler og bilder)

Magnhild Lauvdal (Nynorsk)

Bernt Støylen

Birgit Landsverk

Thor G. Norås

Bodil Cappelen

✿ Klappeleikar:

For barn

forteljingar

Me vil syngje

Jeg gikk meg over sjø og strand

Samlebok fra Heidi: rim, regler, fingerleiker,

Nynorske songar i heim og barnehage

Bull-Gundersen, Jorfald

✿ Fingerleikar:

Samlebok fra Heidi (Til kopiering)

Fem små apekatter *

Himpel og dimpel

I mitt mors hus

Vipp og Vapp

Trå fimpen

Titil-tåtil

Tommeltott

Sko hesten

Ride ride ranke

Lille Trille

Pannebein

✿ Ellingar:

Ellinga vellinga

Ein gul bil

Ole Dole Doffen

Poli-ti

Elle melle deg fortelle

Ein gul knapp

Gummi, gummi mann

Ti-ger

Tekstar

☀ Telleregler:

Ein og ni er ti (Mel. Tjuven, tjuven skal du heite)

Ein og ein er ti,
det ser du
To og åtte likeså,
Tre og sju
Ja berre le, du
Fir' og seks skal saman stå
Fem og fem er ti.
Alle saman vi
rekne kan til ti
Og vi skal flinke bli.
1,2,3,4,5,6,7,8,9,10

Telle-regle

Det var ein mann
Som var sterk som to
Kanskje som tre,
Men ikkje fire.
Han hadde fem barn
Og var den sjette i sin familie.
Han heitte Syver Åttesen
Og budde i Smalgata ni.
Han hadde dårleg ti'.
Han gjekk på elvebredda
Og såg på tollerane
Som var så trettande.
Hans fjortenårige son
Fyllte femten den sekstende.



☀ Ellereglar:

Ein raud bil kjørte fra stad til stad.
Kva for by stanset den i?
Sei det fort utan å betenke deg
noe større om, du din dumme klovn,
1,2,3.

(Variantar finst over heile fylket)

Ein gummi gummi mann
Klatra opp i eit gummi gummi tre,
Så åt han eit gummi gummi brød
til han blei gummi gummi død.
(Heddal, variantar finst i andre bygder)

Till till tuten!
Korleis lever guten?
Guten liver så:
Han leikar med fingrane
og føtene små.
(Telemark)

Ro ro ralte!
Flesket ligg i saltet.
Kva skal barnet få i dag?
Kva får barnet no til mat?
Rovetippen hans galte.
(Telemark)

Ein, to, tre
Asjo, lasjo, le,
Elle, melle ni, du er fri.
(Notodden)

Eisika, deisika, luntantuntan,
Himlan tarsan, himlan tarsan
Pi, li lippam pippam pei
(Svensk regle)

Ikke, de vikke, de sikke, de sø
Abbel, dabbel, dobbel, dø
Iss, ass, Ole* først fanten, fanten
Sikkom, sakkom, du er fri
*(Sett inn namn som passer)



Ein, svei, drei, drø
Vippe, vappe, vippe, voll
Der skal stå tøll (12)
Jeg vil ikke lyve
Der skal stå tyve (20)

Ein nikken
Fen nikken
Suff rikken mo
Affen daffen, domma do

Erkom verkom vesta vind
Køyrde med båt både ut og inn
Kim, kam, kobberkei
Gakk du din vei

Måndag, tysdag, klapp, klapp, klapp

Måndag, tysdag klapp, klapp, klapp.
Onsdag, torsdag tramp, tramp, tramp.
Fredag, laurdag, pling, pling, pling.
Og søndag gjer vi mange ting.

Kroppsvers

Tå og fingerregler:

Titil, tåtil, tillarot
Negelfru og store gubben sjølv

Titin, tåtin, tidaros
Javelrud Store gubben hesten

Tåtille, tillerod, magerfru
Segelrod og store donte

Tommeltott, slikkepott, langemann
Gullebrand og lille Petter spelemann

Tommeltott, sleikepott, langemann
Leiesvein og vesle Petter spelemann

Måter å gå på
Feta, rugga, røkla, sjaga,
vigge, labbe, halte, hoppe,
springe, lakke, hinke, snugge
(Flatdal)



Har du vondt i magen, så gå til Per i hagen.
Set deg på ein stein
Så kjem kråka og bere deg heim.

Har du vondt i magen, så gå til Per i hagen.
Så legg ein røyk på disken,
Så fær du litt av pisen.

❁ Småsoger:

Soga om kona som sat og byssa ungen sin.

Kona sat og byssa ungen sin.

Så banka det på dynna. "Kom inn" sa kona. Mannen spurde : "Er mann' din heime?"

Kona syng: "Nei mannen er i skogen og høgger eit tre".

Tussehatten

Det var ein gong ein gut som leita etter hesten sin. Då ropte det frå berget: "Skal eg hive ut hatten til far din?"

"Ja, gjer det" svara guten. Då kom hatten bort til han. Guten tok han på, fann hesten og gjekk heim. "Vi ser deg ikkje" sa dei då han kom heim. "Eg er her" sa guten. Men dei såg han ikkje. Så tok han av seg hatten, og då såg dei han.

❁ Stev og vers:

Guten og jenta

Den vesle guten med den raude hua

Han slengte jenta i oskegrua,

Han slengte jenta så oska rauk.

Det var den kvelden dei koka graut

(Vanleg stevtone)

Ride ride ranke

Ride ride ranke

Til mylnaren sitt hus.

Ingen annan heime

Enn liten kattepus,

Sit på ei tynne

Og drikk av eit krus.

Mylnaren mel,

Og hanen han gjel:

Kykkeli ky!

(Austlandet og Ryfylke)

Tinn Tinn Tove

Tolv mann i skoge

Bjønnekyra batt dei

Storestuten stakk dei

Hengde så bjølla opp i eit tre,

Stele bort bondens bufe.

Kor slapp du over bekken
Kor slapp du over bekken
Du vesle gut, du vesle gut?
Eg stødde meg på kjeppen,
Min taveltott, min tiltumtei,
Og får eg noko drikke,
Så kved eg endå meir.

Kor slapp du over åa,
Du vesle gut, du vesle gut?
Eg tilta meg på tåa,
Min taveltott, min tiltumtei,
Og får eg noko drikke,
Så kved eg endå meir.

Kor slapp du over vatnet,
Du vesle gut, du vesle gut?
Eg rodde meg i hatten,
Min taveltott, min tiltumtei,
Og får eg noko drikke,
Så kved eg endå meir.

Kor slapp du over havet,
Du vesle gut, du vesle gut?
Eg gjekk meg ned i kavet
Min taveltott, min tiltumtei,
Og får eg inkje drikke,
Så kved eg aldri meir.

(Telemark)

Berget langt nord i skogen
På den dyna låg ein gut,
Ein gut, ein forunderleg fin gut,
aldri har nokon sett slik ein gut.

Guten låg på dyna,
dyna kom av fjøra,
fjøra kom av fuglen,
fuglen kom av egget,
egget låg i reiret,
reiret låg på greina,
greina voks på treet,
treet voks på berget,

og berget låg langt, langt nord i skogen. (Telemark)

Ro, ro relte

Ro, ro relte
Kaupe bån i belte
Nye sokkar, nye sko
Så må båni heimatt ro.
Heim att til mama og papa,
Smør og sukker på kaka.

Vise frå Birtedalen

Eg sette meg på sullar benk
Og sulla for båni mine
Så dei ikkje må grine
Tak den svarte sau
Mjølke han, Jesu båni drikke.

Eg sette meg på sullar benk
Og sulla for båni mine
Ha på sokkar, ha på sko
Gakk ot (ut i) fjosi, mjølka ku
Så Jesu båni drikke

Ro ro til fiskeskjær

Ro ro til fiskeskjær
Kor mange fiskar fekk du der?
Ein til far, og ein til mor
Ein til søster og ein til bror,
Og to til den som fisken drog,
Og det var vesle veslebror (eller namnet til barnet)

Trå fimpen

Trå fimpen, trå fimpen
Nå er du ung.
Når du blir gamal,
Så blir du for tung,
Til å trå fimpen.
(barnet sit på vrista og blir huska opp og ned)



Husk opp i ring

Husk opp i ring
Olav guten min!
Snu deg ikring
Sukkerungen min!
Osten var mygla,
Kaka var rå,
Kniven var rusta,
Beit ikkje på.
Hå, hå, hå!
Veit du inga råd?
Bryn litt på kniven,
Så bit han fulla på.

(Telemark og Østerdalen)

Lathans syng

Måndag har eg dagen fri,
Tysdag har eg gode stunder,
Onsdag treng eg kviletid,
Torsdag går eg kring og grundar,
Fredag gjer eg kva eg vil,
Laurdag stundar helga til,
Og så er veka ute.

(Telemark)

Labbe Tussemann (Bruke dialekt)

Labbe, labbe, labbetussemann,
Kari, Eva, Petter heter de,
De er ikke her, de er ikke her
De kommer ikke mer,
De reiste med ei skute til Amerika



Su, ru min søte
Buksa mi den ska me bøte,
Bøte den med katteskin
Vender alle klørne inn,
Så gjer fenta mæ fanten sin.
Heve du sett noko til kjeringa mi
Langt burti leikom
Langt burti leikom
Svart hatt, rau stakk
Lita gamal låghalt

Om dyr

Katten sette upp veven sin
Med lange nasar og vronge.
Vov ho i både stikkur og strå,
Så let ho veven gange.
Hanan fekk både buksur og skjorte,
Høna fekk seg ein jeiri/geiri,
Katten fekk ein naseklut.
Så rykte ikkje veven meire.

Sko hesten

Sko hesten, sko hesten
Med hamar og tong!
I morgon skal han i bruregong.
Sko hesten, sko hesten
Med sølv og med gull,
For han skal ut i frost og kuld'.
Sko hesten, sko hesten
Og sko han godt;
For vi skal køyra
Til kongens slott.
Sko hesten, sko hesten
Med jarn og stål,
Vegen til kongens slott er hål.
(Telemark)

Reven og lammet

Reven låg i lia,
Høyrde lammet låta.
"Kom her hit, du vesle lam,
eg skal visa deg vegen fram
til mor di".
"Nei, nei" sa lammet,
"eg tor' ikkje til deg ganga,
du bit meg i bogen
og så ber du meg på skogen.
Så legg du meg på ein liten stein,
Så pilar du av mine småe bein.
Og då vil mor mi gråta.
Så dillar du di tjuverumpe.
Så kjem ein skyttar og skyter deg,
Så dett du hovudstumpe".
(Telemark)



Er han kvit
Så køyr han hit;
Er han grå
Så lat han gå;
Er han brun i bogen
Så lat han gå i skogen

Geita stod i bakken

Geita stod i bakken og kvista ris,
mi killego geit.
Kom ein bamse lakkande faravis,
Som du vel veit

"Kva skal du gjera med riset ditt,
mi killego geit?"
"Eg skal ha det åt kua mi
Som du vel veit."

"Kva skal du gjera med kua di,
mi killego geit?"
„Ho skal mjølka åt hundane mine,
som du vel veit”.

"Kva skal du gjera med hundane dine,
mi killego geit?"
„Dei skal bita bamsen,
som du vel veit”.

Ein maur, ein staur og ein hare
Det var ein maur, ein staur og ein hare,
dei skulle over ein bekk fare.
"Eg maurar meg over," sa mauren.
"Eg staurar meg over," sa stauren.
Men kven var den tredje?
Ein hare.
Klyp han i skinnnet og lat han fare!

Vesle Svartepus

Vesle Svartepus sa: "Mjau,
Det var svært til musesjau!
Reine, beine plaga!
Eg vil gå og klaga
Til vaksnekatten store
Under kjøkkenbordet!"



Berga kornet

Kom vi køyrer kornet inn!
Sa musekona til mannen sin.

Ja, du får berre lessa på.
Eg skal draga alt eg vinn,
svara musemannen då.

Kona la på fire aks,
tykte det var for lite.
Alltid nok, sa mannen straks,
grua seg for slitet.

Kona visste endå råd,
lova ho sku skuva på,
la så på det femte strå.

Hupp, så gjekk det, hei og hå,
inn i huset med kornet då!

Fjorten vender på ein dag,
Slik dei berga grøda.
Sidan heldt dei dugnadlag
Og treskte korn i løa.



Ho jåga til moen etter fem leivar brau,
Så bar ho det heim att i gråstakken au.

På Tutlamoen

På Tutlamoen lappa dei skoen,
Så la dei han onde næversolen



Månen

Månen er så gul og rund.
Auge har han, nase og munn.
Ingen bein det eg kan sjå,
Enda kan han stå og gå,
Stå opp, gå ned, rund og gul.
Pytt, han trillar som eit hjul.

(Halldis Moren Vesaas)



• Bånsuller:

Bya bya bane
gryta heng i jani
kokar full av romigraut
for det vesle bani



Bia bia liten sull
Tru me hae stoga full
Av slike snille ungar.
Løa og låven, buret og koven
Og ein heil krull utpå tune.
Su rull liten lei
Me ska bia bane mei.
(Åmotsdal)



Skonde deg du jenta, skonde deg du jenta
Liten ligg i Liaråsen, tyster og ventar.
Skonde deg du mama, skonde deg du mama.
Liten ligg i Liaråsen, tyster og harmar.
(Åmotsdal)



Den som er liten
Og ikkje vil sova,
Han kan gå til skogen
Og byggja seg ei stove.
Ospelauv og lindalauv
Det skal han ha til tak.
Oksekjøtt og kveitebrød
Det skal han ha til mat
I si vesle stove.
(Austlandet)



Dei sandvass byljune rullar høleg
Dei seier at liver er bare løglegt.
Kom hit til okkon, de ska' få sjå
At de ska' lindring i sozi få.

(Gamal stevtone)

Det var ein gamal kjerring

Det var ein gamal kjerring

Men ingen born ho hadde.

Så tok ho vesle folen sin

Og han i vogga lagde:

"So ro Langebeina,

Breilnda, storskanka!

Lever du til våren,

Så vert du vel folk!"

(Telemark og Østerdalen)



So ro godt barn

Mor spinner blått garn,

Far treskjer kornet,

Syster blæs i hornet,

Bror gjeter sauene

Langt borti haugene

(Telemark)

So, ro liten sull

Tru mi hadde stoga full

Løa og låven, kykkja og skålen

Lat de vera fullt av konn

Og stoga full av småe bann

Bissa bissa bâne

Bissa bissa bâne!

Mor kan ikkje kome.

Ho gjev sauen og kyra

Og jagar alle dyra.

Bjørnen måtte røma,

Skrubben sprang or syne,

Reven han rømde så rumpa ho slong,

Han tor' ikkje koma ein annan gong.

Så kjem ho mor med mykje mjølk,

Og så får bånnet drikka.

(Telemark)



Ro, ro å leita
Drag ein båt med kveita
Snurr opp snøret, ro i land
Set så båten på ei strand
Nå skal vi koke kveita

Ro seg ut og rugge seg inn
Båten vart gjort av pylseskinn.
Årune vart gjort av to halmestrå.
Det skal bane ro seg på.
(Vestlandet)

Bisselilu

Bisselilu, sullelilu!
Er nokon liten, så er det du.

Bisselilu, sullelilu!
Vert nokon stor, så er det du.

Bisselilu, sullelilu!
Vert nokon fager, så er det du.

(ein kan skøyte til så mange vers ein vil, t.d. snill, gild..)

Tu, tu, tu seie jasen
Liver eg åri ut
Så skal eg byggje meg eit hus
Men fyrst når sommaren kjem
Så er det hus i kvar ein busk,
Hus i kvar ein busk



Englar små og kvite
Inn mæ bāni site
Viftar luvune av kinn
Med den vesle leien sinn
Så må bāni sove



Su, ru lita kinn
Eg ska seie deg faren din
Två på stålen
Tvo i lund
Råtjuven i Strålesund

Sette meg på sullarkrakk
Sette meg på sullarkrakk
Og sulla borna mine.
Eg skal sulla barnet mitt
Så det skal ikkje grine.
Skunda deg, mi jente,
Lat ikkje barnet vente!
Ha på sokkar, ha på sko
Gå i fjøset, mjølka ku,
Gjev så barnet drikke
(Telemark)



*Tekstdøme - fingerleiker:

Fem små apekatter
Fem små apekatter leika i noen trær
Dei erta krokodille, du kan'kje ta oss her
Så kom krokodilla så diger og så svær
SMAKK

Fire små

Himpel og Dimpel
Himpel og Dimpel sat på eit berg
Den eine var ein sprellemann
Den andre var ein dreng
Dei sat der på kvar si tue
Og vifta med si lange lange lue
Dei sat der i timar, eg trur det var fem
Så gjekk dei inn i berget
Vekk med dei
Viss du er riktig riktig stille kan du høyre dei nynne
(Nynne ein kjent song)

I min mors hus
I min mors hus
Er det frykteleg mange mus
Dei springer på bord og på benk
og under senga mi, tenk
På loft og i kjeller
men der sett me feller
og vips er dei vekk!

Vipp og Vapp

Det sat to fyglar og vippa på ein grein
Den eine heitte Vipp og den andre heitte Vapp
Fly du lille Vipp, fly du lille Vapp
Kom tilbake lille Vipp, kom tilbake lille Vapp

Ride, ride ranke

Ride, ride ranke!
Hesten heter Planke!
hesten heter ikke så:
hesten heter Abildgrå
sitter liten junker på
Hvor skal junker ´n ri ´e?
Til kongsgården og frie.
Der er ingen annen hjemme
Enn to små hunder
Som ligger under benken
Og gnager på lenken.
Den ene sier vovvovvov!
Den andre sier Voff, voff, voff!

Ride, ride ranke

Ride, ride ranke
Til møllerens hus.
Der var ingen hjemme,
bare kattepus
Og to små hunder
Som lå under benken
og gnagde på lenken.
Den ene sa voff!
Den andre sa Voff, voff, voff!

Bake kake søte

Bake kake søte
Duppe den i fløte,
Først i fløte, så i vann,
Så kommer det en gammel mann,
Som skal kaka prikke
Med ei lita gullstikke.
Husk opp i omnen!
Domp ner i aska!

Hente, brenne, knuse, koke kaffien

/: Hente, brenne, knuse, koke kaffien:/
Og så hentar me den
Og så brenner me den
Hente, brenne, knuse, koke kaffien

Sko blakken

Sko blakken, sko blakken
Med hammar og tang!
I morra ska vi fare
den vegen så lang.

Sko blakken, sko blakken!
Sko ´en vel! Sko ´en vel!
I morra ska vi
I brureferd!

Kom bukken til gutten

Kom bukken til gutten,
kom kalven til mor,
kom mjauende katten
i snehvite skor.

Kom ellingar gule,
kom frem i fra skjule´
kom kyllinger små,
som neppe kan gå.

Kom duene mine,
med fjærene fine!
Se gresset er vått,
Men solen gjør godt,

Og tidlig, tidlig er det på sommer´n,
Men rop på høsten, så kommer ´n.
(Bjørnstjerne Bjørnson)

Solen skinner vakkert om kvelden

Solen skinner vakkert om kvelden,
Katten ligger doven ut på hellen.
"To små mus,
fløte av et krus,
fire stykker fisk
stjal jeg bak en disk.
Og er så god og mett,
og er så doven og trett"
sier katten.

Ekorn, han gikk ut i enga og slo.

Ekorn, han gikk ut i enga og slo.
Hørte du å han knurra?
Skjæra hu raka og kråka hu drog,
Lille kattepusen han kjørte.
Maren og Karen og Kristian,
Lille fru pike og støvlemann!
Kom ku, kom kalv, kom kyra,
Kom alle de underli ´dyra!

